




# Tryggheimhelsing



Elevstemnet  
s. 4-5



På høyt nivå  
s. 6-7



Dr. matematikk  
s. 8-9





Gjermund Viste

## Tryggheim er tufta på eit tydeleg livssyn

«Produktet» frå Tryggheim er tufta på eit tydeleg livssyn, noko den offentlege skulen ikkje lenger kan konkurrera om. Men pedagogisk kvalitet og sterkt identitetskjensle kan alle skular få til. (Sitat leiar i Jærbladet)

### Tryggheim-skulane på Nærø siglar i medvind

Sitatet over er henta frå Jærbladet sin leiar for nokre år sidan (23.04.08). Både Tryggheim vgs og Tryggheim usk var i vekst og redaktøren hadde ei forklaring: Neste skuleår ser det ut til at den vidaregåande skulen der må avvisa om lag tredelen av sokjarane. Den er nå blitt ein stor skule, med 450 elevar. Det nye ungdomsskuletilbodet veks òg: 37 får plass. Her går mange foreldre langt for å sikra barna sine. Eit barn født i år er alt innskrive. Kva kjem denne suksessen av? Her, som elles, er det så enkelt og så vanskeleg som å ha eit tydeleg produkt av god kvalitet. Og så gjer nok konkurransen med den offentlege skulen godt. «Produktet» frå Tryggheim er tufta på eit tydeleg livssyn, noko den offentlege skulen ikkje lenger kan konkurrera om. Men pedagogisk kvalitet og sterkt identitetskjensle kan alle skular få til. (Leiar slutt).

### Undervisning, evangeliet og misjonsengasjement

Leiaren har rett i at Tryggheim skular er tufta på eit tydeleg verdisyn. Tryggheim byggjer verksemda på den kristne tru slik den er uttrykt i Den heilage skrift og Den norske kyrkjes vedkjenningsskrifter, og grunnreglane for Norsk Lutherisk Misjons-samband. Formålet med skulane er todelt. Dei skal gje ungdom undervisning som set dei i stand til å ta i bruk sine evner og anlegg til beste for sine medmenneske. Undervisninga skal vere i samsvar med gjeldande lover og planar og byggje på eit kristent menneskesyn og ein kristen verkelegheitsoppfatning, og den skal føre fram til offentleg godkjend eksamen. Skulen skal også forkynne evangeliet om Jesus Kristus og utfordre til levande kristenliv og misjonsengasjement. Så langt råd er, skal skulane sikre seg eit personale som vedkjenner seg den tru som er presentert over, og som vil fremme målsettinga

i og utanfor undervisninga. Vi treng å blankpusse ideala for skuleverksemda vår. Vi ønskjer ei tydeleg kristen forankring for å vække og styrke kristent liv hjå elevane. Samtidig skal skulen ha ein fagleg kvalitet som svarar til dei offentlege skulane.

### Formidling av verdiar

Formidling av kunnskap er ei blanding av beskrivande (er-kunnskap) og normativ kunnskap (bør-kunnskap). I skulen skjer både undervisning og danning. Desto viktigare vert heilskapsperspektivet! Det er på ein kristen friskule forankra i trua på den eine Gud som skapar, oppretthaldar, frelsar og forløysar. Skulen søker ut frå dette å skape ein meiningsfylt orden i ei mengde av kunnskapar, erfaringar og opplevingar. Dette ønskjer vi å gjøre ved å synleggjere den kristne tenkinga i faga, i lærarhaldning og læraråtferd. Eg avsluttar med eit sitat av Njål Skrunes: «Det som er utfordringen i en kristen skole er på den ene siden ikke å fornekte at de mange fagene kan gi en viktig kunnskap og innsikt i skaperverket, dets natur, kultur og samfunnssdimensjon, og på den andre siden skal vi gi elevene hjelp til å bygge kunnskapen sammen til en helhetsforståelse av livet som svarer til de grunnperspektivene som uttrykkes i en kristen virkelighetsforståelse forankret i Guds gjerning som skaper og frelser.»

### Såkornet er Guds Ord

Forkynnar Ole Os var her på møteveke i mars. I samtale med VG3-elevar fekk Ole vitnemål om kor mykje morgonandaktane gjennom tre år hadde betydd for dei. Det er ein del av kvardagen hjå oss – og det gleder oss mykje å få slike meldingar!

### Stor pågang til yrkesfag

Tryggheim vgs har ein jamm god søknad. Vi er over tid vane med variasjonar når det gjeld kva utdanningsprogram ungdomane søker mest. No svingar det mot yrkesfag – ikkje minst mot Helse- og oppvekstfag og Bygg- og anleggsteknikk. For berre to år sidan fekk fleire søkerar tilbod om andrevelet Helse- og oppvekstfag (HO). No har det snudd heilt om, så i mars fekk mange som i første omgang ikkje fekk tilbod om plass på HO, tilbod om andrevelet sitt på Studiespesialisering. Det er heilt fullt og ventelister på alle utdanningsprogram. Når det gjeld Påbygg, viser vi til andre NLMvgs-skular som har ledig kapasitet.

*«Søk då først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt dette i tillegg»  
Matt. 6,33.*

# Du er du og du duger!

Ein barnsleg song kanskje, men ufatteleg bra! For han har eit supert bodskap. «Du er du og du duger! Ja, du passar perfekt i Guds plan.»

Vi er alle veldig forskjellige, vi kan vera sinte, glade, raske og treige. Vi er også flinke til forskjellige ting. Dessverre har vi ein tendens til å samanlikna oss med andre. Det andre er flinke til, vil vi også vera flinke i, men så er det ikkje alltid vi får det til. Då tenkjer vi ofte: «Så därleg eg er, alle andre er flinke til ting, men kva med meg, kva er eg flink til?»

Du er du og du duger! Gud er nesten litt som ein talentspeidar, ser du. Talentspeidarar reiser rundt for å finna nye talent til fotballag eller liknande. Det gjer Gud og, ikkje til fotballag, men til sitt lag. På Gud sitt lag treng han mange forskjellige folk med ulike eigenskapar.

Nokre er flinke til å sjå og inkludera dei andre, andre er gode på skulen. Nokre gjer det godt på arbeidsplassen, medan andre er dyktige i idrett. Uansett kva eigenskapar Gud har gitt deg, har han bruk for deg. Fordi du er du, og du duger!

Vi har hørt om misjonærane, som reiser langt av stad ut på misjonsmarka. Dei gjer ein fantastisk innsats. Men ikkje alle kan eller skal reisa til misjonsmarka, for vi har ei misjonsmark her heime og, der Gud har bruk for oss. Når vi er saman med familie og vener, eller er på arbeidsplassen og på skulen, akkurat der har Gud bruk for oss og dei eigenskapane Han har skapt oss med. Kanskje vi ikkje alltid er klar over det, men i det daglige livet har Gud bruk for oss. Du er du og du duger, og du passar perfekt i Guds plan!




Ester Varhaug - lærar på 10. trinn på Tryggheim ungdomsskule.

# Misjonsløpet 2017

Elevene fra Tryggheim løp inn godt over en halv million kroner til misjonsprosjektet sitt i Kenya, mandag 8. mai. Vi takker elevene for solid innsats med noen bilder fra massemønstringen. Kreativiteten var stor, noe også forsidebildet vitner om.



# Jubilerande gjensynsglede



Muntre jubilantar høyrer på talen til Tryggheims fyrste skulestyrar Torstein Flottorp under festmiddagen på elevstemnet i 1960.

Det er fredag siste time, tidleg på 2000-talet. Både elevar og lærarar ser fram mot helg. Då kjem det ei gutehand i veret. «Kan eg spørja deg om noko?» I lærarhjarta kjem eit lite blaff av glede(!). Er det faktisk nokon som har interesse og engasjement nok til å stilla eit norskspørsmål så seint på dagen, på ein fredag? Spørsmålet lyder: «Kva har eigentleg folk å gleda seg til når dei er så gamle som deg?» Eleven fekk visst eit ufullstendig svar på det overraskande spørsmålet.

Tekst: Aud Borgny Thorsen  
Foto: Arkiv

Seinare har eg alltid tenkt på denne guten når eg har vore på elevstemnet. Her skulle han ha vore! Så skulle han fått sett mange som gleder seg – og har gledd seg i lange tider. Dei har ikkje berre passert 50, men både 60 og 70 – ja til og med 80, og har ennå noko å gleda seg til. Og dei viser stor glede over å få treffa igjen alle dei dei var i lag med for mange år sidan.

Ja, det har vore mange glade og takksame flokkar på elevstemna opp gjennom åra. Særleg stas har det nok vore – og er framleis – for dei som var elevar i ungdomsskule- og folkehøgskuletida. Elevflokkane var ikkje så store då, og dei hadde stort sett sitt sosiale liv på skulen både kvardag og helg. Dermed blei dei meir samansveisa enn i dag, når talet på klassar har passert 20.

Skulen prøver framleis å nå alle tidlegare elevar med ei personleg innbyding til elevstemne når det er 10, 20, 30, 40, 50, 60 eller 70 år sidan dei var elevar her. Det er litt av eit puslespel å finna fram til alle, og det klarer vi nok ikkje, men både Google og Gule Sider har gjort jobben lettare for komiteen som har ansvaret.

Mange tar imot innbydinga og kjem, fjåge og forventningsfulle. Og ikkje så lite spente på om dei vil kjenna igjen alle. Om ikkje alle tippar rett namn på første forsøk, blir det ingen pinlege pausar av den grunn.



Avgangselevane 1966 slutta godt opp om elevstemnet både 40 år etter i 2006 og 50 år etter i 2016

Praten går lett – og ofte høgt. Kjøkkenet diskar opp med det beste dei har. Gjestene får omvising på skulen, og er like overgitt kvart år over alt som er nytt sidan deira tid. Så er det fest, med ein solid møtedel, slik at jubilantane skal forstå at om mykje er forandra, er det å formidla evangeliet framleis like viktig. Mange av jubilantane er glade for det, for ein god del av dei hadde nok hatt eit heilt anna liv om dei ikkje hadde fått eit avgjerande møte med evangeliets hovudperson nettopp her på Tryggheim. Livskursen blei lagt om for godt.

*"Dei eldste jubilantane har alltid snakka mykje om turane til Honolulu, - som då ikkje låg på Hawaii, men i nedre kant av tunet mellom hovudbygget og Austheim."*

Når det oppsette programmet er ferdig, er det mimretid. Og her har det komme fram interessante ting opp gjennom åra. Dei eldste jubilantane har alltid snakka mykje om turane til Honolulu, - som då ikkje låg på Hawaii, men i nedre kant av tunet mellom hovudbygget og Austheim. Det var altså utedo som alle måtte bruka. Litt uverkeleg for dagens elevar som – sjølvsagt! - har eige bad og toalett. Eit høgdepunkt var det då ein 30-årsjubilant stod fram og tilstod at det var han som i nattens mulm og mørke hadde måla svarte sebrastriper på den blakke hesten til lærar Strai. Dette hadde altså vore ei uløyst sak i 30 år!

16. og 17. juni er det elevstemne igjen. Alle jubilantar er hjarteleg velkomne! Ekstra kjekt er det at det dei siste åra har komme ein god del av dei som har vore elevar etter at Tryggheim blei vidaregåande skule. Men vi har god plass til fleire! Mange fleire!



# Tryggheim 100 år i 2019

Tekst og komitéfoto:  
Anne-Berit G. Aanestad

Om to år skal vi feire 100-årsjubileum på Tryggheim. Siden starten i 1919 er både elevmassen og personalet mangedoblet. Gamle bygg er revet og nye satt opp. Fag har blitt trukket fra og lagt til. Skolen har gått fra å være folkehøyskole til videregående skole – og en ny ungdomsskole har det også blitt. De første ildsjelene hadde sannsynligvis ingen anelse om hvor stort det arbeidet de var med på å starte skulle bli. Om to år vil vi ha mye å feire!

Starten på det hele var likevel kanskje ikke så mye å skryte av. Tidligere lærer Hans Torgny Indrebø skrev en gang om oppstarten av skolen:

#### «Den ringe begynnelsen»

Torstein Flottorp, skulestyraren første året Tryggheim var i drift, hadde ikkje nokon lett oppgave. Han skreiv i 1959 i høve av at skulen var 40 år om første året på Tryggheim, dvs. bedehuset: 'Det ble lite vekkelse, og ellers hadde vi ikke noe å rose oss av. Skolen startet jo bokstavelig talt på bar bakke. Vi hadde ingen penger, ingen lokaler, ingen undervisningsmidler, ikke inventar, ikke lærlere og tjenere, og heller ikke en eneste elev. På åpningsdagen 17. oktober forklarde talarane Flottorp korleis skulen skulle drivast: 'Møter og bibeltimer skulle selvfølgelig være båret av en mektig Åndsmakt. Men slik skulle også alle undervisningstimene være, så at f.eks. en geografitime måtte virke som den fullkomne oppbyggelse. Alt skulle være fullkommen i kristelig henseende.'

Våren og sommaren 1920 arbeidde Flottorp med to kjerrer og to hestar og køyrdre bygningsmaterial som han henta frå jernbanestasjonen til det nye skulebygget. Om opplevinga med å ha vore rettleidd av mis-



Det første elevkullet på Tryggheim samlet til 40-årsjubileum 25. oktober 1959. I midten foran står den første skolestyreren Torstein Flottorp.

jonsfolket før oppstart av skulen skreiv han: 'Jeg gjorde visst bedre arbeid som kjørekarr enn som lærer og bestyrer. Det var vel fordi at kjøringen ikke behøvde være så angstfylt som geografitimene.'

Selv om skolen begynte «på bar bakke», kom det elever. Det første året måtte de ha provisorisk skolestue på bedehuset i Nærbøgata i Nærbø sentrum, spise måltidene sine på Breidablikk skole en halv kilometer unna, og bo hos folk i bygda. Men høsten 1920 stod skolebygget ferdig med tomannsrom og sentralfyring, og 17. oktober ble bygget vigslet.

En liten «Jubileumsskrift-komite» har så smått begynt arbeidet med å samle tekster og bilder til det vi håper skal bli en flott jubileumsbok. Der ønsker vi bl.a. å ha med små glimt fra hele Tryggheims historie. De første 75 årene er allerede godt dokumentert i tre tidligere jubileumsbøker, den siste til 75-årsjubileet i 1994. Vi vil derfor legge ekstra mye vekt på det som har skjedd de siste 25 årene.

Hvis noen vil bidra med bilder eller har noe å fortelle fra sin egen tid på Tryggheim, uansett tidsperiode, så setter vi stor pris på det!



Tre av medlemmene i jubileumsbok-komiteen, f.v. Bjørg Indrebø, Gjermund Viste og Sofie Braut.

# Talenta

## Linn Madland Fredriksen

**Fakta:** 15 år, går i 9C

**Idrett:** Cheerleading

**Klubb:** Stavanger Diamonds Sharesport

**Tidsrom:** 3 år

**Merittar:** 6. plass NM Cheerleading, deltar i VM i USA 2017

- *Kor lenge har du halde på med cheerleading?*  
 - Eg har halde på i tre år til sommaren. Det var ei venninne som fekk meg til å bli med i starten. Eg har sett opp til henne, sidan ho dreiv med cheerleading. Så då byrja eg på det laget som var på Nærø, men seinare blei eg med i Stavanger.

- *Kva er det kjekkaste med denne idretten?*

- Eg liker samhaldet i laget, det er ein lag-sport der alle er avhengige av kvarandre. Vi er akkurat som ein stor familie. Utfordringa



Linn Madland Fredriksen, her til høgre, driv med cheerleading. Foto: Privat

ne er kjekke, og vi prøver nye ting heile tida. Vi har ein trenar som får oss til å gjennomføre ting vi ikkje trudde gjekk an.

- *Har du fått vere med på mange meisterskap?*

- Eg har vore med på tre noregsmeisterskap.

Laget mitt kom på niande plass i fjar, mens i år kom vi på sjette plass. Akkurat no er eg på juniornivå, men eg skal opp til seniornivå etter sommaren. I tillegg har eg fått vore i Tyskland der vi kvalifiserte oss til VM.

- *Kva krav set cheerleading til dei som er med?*

- Du må skrive ein kontrakt for å bli med, og du må komme på absolutt alle treningane. Alt er obligatorisk fordi det er så viktig at vi er samkjørte i opptrinna, og det kan faktisk vere farleg om ein av oss er usikker på rolla vår. Kvar enkelt må vere motivert, og ein må vise respekt for trenaren. Du må vere i god fysisk form, og ein krev at alle gjer øvingar heime. Vi må faktisk sende inn video-klipp som bevis på at vi har gjort øvingar i styrke og tøyting.

Når dette blir skrive er Linn i USA for å konkurrere i VM i cheerleading, ICU-Worlds, i Florida.

## Oskar Feed Jakobsen

**Fakta:** 13 år, går i 8A

**Idrett:** Sjakk

**Klubb:** Jæren Sjakklubb

**Tidsrom:** Sidan barneskulen, har konkurrert i 3 år

**Meritter:** Vann KM12 år i 2015, KM for skulelag i 2017, Hå Sjakkmeisterskap i 2017.

- *Korleis starta interessa for sjakk?*

- Det byrja med at farfar min spela sjakk, så derfor kom eg til han kvar dag etter skuletid for å spele. Eg likte det ikkje så godt i byrjinga, så vi prøvde oss heller på dam og backgammon. I fyrste klasse vart eg med på skulesjakken på Vigrestad skule, og så har eg utvikla meg etter det.



Oskar Feed Jakobsen kikkar på vandrepokalen han vann. Foto: Ingve Gilje

- *Kva er det med sjakk som fascinerer deg?*

- Sjakk har så mange moglegheiter, og det er alltid noko å lære. Det er spanande å spele parti (sjakk-kampar), og det er alltid kjekt med turneringar.

- *Er sjakk eigentleg ein idrett?*

- Det kjem an på kven ein spør. Eg tenker at ein jo vert sliten, men på ein annan måte enn med fysiske idrettar. Når ein spelar eit parti sjakk, så blir ein mentalt trøytt.

- *Kva er den største utfordringa med sjakken?*

- Ein må alltid vere klar i hovudet, om ein slappar av eller er trøytt, så kan det koste deg partiet. Du må alltid vere «skrudd på», og alltid passe på kva du gjer.

- *Kva tenker du om vegen vidare med sjakken?*

- No spelar eg fordi det er gildt, det er først og fremst ein hobby. Eg spelte meir aktivt før, men det blei for travelt. Eg har ikkje ambisjonar om å bli den neste Magnus Carlsen, sjølv om han er eit stort førebilete.

## Leiarhjørnet

### Takk for forbøn!

Nokre dagar er meir krevjande enn andre. Det trur eg alle har opplevd i større eller mindre grad. Dagar då du lurer på om du vil klara å fullføra det du har starta. Dagar då det er vanskeleg å stå opp fordi oppgåvane du står overfor er så krevjande at du mest vil gje opp. Ei slik kjensle hadde eg tidlegare i vår. Det var tungt og vanskeleg. Då opplevde eg noko fantastisk. Eg møtte ei dame som stoppa meg og spurde: « Korleis er det

med deg? Du skal veta at eg ber for deg og for skulen kvar dag.» Tenk at det er folk som ber for ein. Folk som bryr seg om ein, sjølv om ein i utgangspunktet ikkje kjenner personen ein gong.

I den tida det var vanskelegast besøkte eg og ei eldre dame. Ho spurde meg då eg kom: « Kva var det du stod i - i dag? Eg vart så minna om å be for deg.»

Det gjer meg godt å kjenna at folk bryr seg

om ein. At nokon ber for ein. Eg vil retta ein stor takk til dykk alle for omsorga, omtanken og for forbøn for skulen og for meg. Det er godt å få kvila i Guds omsorg.



Tron-Arild Grødem

Eg vil helsa dykk alle med 1. Joh 3,1:

**«Sjå kor stor kjærleik Far har synt oss: Vi får kallast Guds born – ja, vi er det!»**

## Simon Løge

**Fakta:** 14 år, går i 9C

**Idrett:** Symjing

**Klubb:** Bryne Symjeklubb

**Tidsrom:** Har sumt lenge, sidan 5. klasse. 1,5 år aktivt.

- *Korleis starta interessa for symjing?*

- Eg hadde ikkje lyst til å spele fotball hugar eg, men eg prøvde mange ulike idrettar før eg byrja med symjing. Det syntest eg var gildt, så då byrja eg i Nærø Symjeklubb. Her utvikla eg meg mykje, så etterkvart blei eg med i Bryne Symjeklubb for å få meir utfordringar og for å verte endå betre. Det er og eit litt større miljø der.

- *Kva krevst for å vere ein god symjar?*

- Du må ha mykje tid til å trenere. Du må vere på trening ofte, for er du vekke nokre veker, må du trenere deg opp igjen. Eg har problem med astma, så då er det endå



Simon Løge trener fem gonger i veka for å bli ein god symjar. Foto: Eirik Elle

viktigare å trenere jamt. I tillegg må eg hugse på medisin før trening. Det er ganske harde treningar, ein kjenner det i magen sidan det er så tungt. Då hjelper det å drikke sjokolademjølk etter treninga.

- *Hjelper det å vere lang?*

- Ja, har du lengre armar og føter enn dei andre, så kjem du fortare fram. Er du mindre, må du symje raskare. Eg er 1,85 og veks framleis, så me får sjå kor høg eg blir.

- *Kva tenker du vidare om symjinga?*

- Om eg vil satsa, må eg gå fullt inn for det, så eg er litt usikker. Det er enormt mykje trening og tid som går vekk til symjinga. Laget vårt er kvalifisert til NM for juniorar, der eg skal symje stafett, men eg håper eg får kvalifisere meg til ei individuell øving og.

- *Kor mykje trener du?*

- Eg trener fem gonger i veka. På tysdagur har eg morgontrening. Då sym eg frå halv seks til halv åtte, så det vert ein lang dag.

## Ny fane for Tryggheim ungdomsskule



Kjersti Skjæveland er glad for å vere ferdig med fana.

I lang tid har kunst- og handverkslærar Kjersti Skjæveland jobba hardt på ei fane til ungdomsskulen. No er ho klar, og Kjersti kan puste letta ut.

Tekst og foto: Ingve Gilje

- *Kva skal fana nyttas til?*

- Primært skal ho brukas i 17. mai-toget her på Nærø. Elles i året vil ho stå som dekor her på skulen i ein glasmonter.

- *Kor lenge har du jobba med fana?*

- Det er vanskelig å seia, eg har jobba med henne i fritida, så eg har ikkje arbeidd med fana her på skulen. Eg starta i januar med synga, og vart ferdig rett før påske. Det har vore kjekt å sy, utanom då eg trakka på ei synål som gjekk inn i foten. Då vart eg sur, hehe. Til slutt måtte eg faktisk operere henne

ut. Ein kan seie eg har ofra liv og helse for denne fana!


- *Kva tankar ligg bak motivet?*

- Eg og rektor vart først einige om kva som skulle stå framme på fana. Eg tenkte lenge og ba over kva eg skulle ha som motiv. I og med at dette skal vere noko ein ikkje ser lenge på, måtte det vere eit motiv som var lett å fatta. Eg tenkte det måtte vere eit motiv knytt til Jæren, og at vi måtte vise at vi er ein kristen skule. Ordet "Livet" står sentralt, og ein kan spørje seg kva som gjev liv? Så kva treng vi for å leve? Jo, vi treng lys og vatn. Derfor vart det eit strandmotiv.

Eg har laga ei stor sol på fana, fordi sol og lys treng vi for å leve. Det viktigaste lyset for oss er likevel Jesus, derfor har eg har baka korset inn sola. Elles er det eit strandmotiv, og det er ein del metaforar med stein, salt og vatn. Steinane står for viktigheten av å byggje på steingrunn, saltvatnet står for det at vi skal vere «salt i verda».

- *Du har tatt i bruk fleire teknikkar på fana?*

- Ja, eg har brukt det ein kallar «quilting», og så har eg nyttat vattering. Det siste betyr at ein får ein slags 3D-effekt i motivet. Av materiale har eg brukt ull og silke i forskjel-



Den splitter nye fana til Tryggheim ungdomsskule.

lige kvaliteter, slik at det vert meir variasjon i motivet.

- *Kan me no bestille faner av deg?*

- Då må ein vente ei stund, men eg lagar berre ting eg designar sjølv. Fana er meir eit kunstverk enn eit handverk eigentleg.

# Matematikkdoktoren



Klart for disputas.

- Eg følte det var ein festdag, seier Hildegunn Espeland om 20. april, dagen då ho forsvarte doktorgradsarbeidet sitt i matematikkdidaktikk på Universitetet i Agder.

Hildegunn har i mange år undervist i matematikk på vg1 på Tryggheim. Gjennom dette har ho fått ei særleg interesse for det som skjer i klasserommet når ein repeterer gammalt stoff dei første vekene av skuleåret. Lærebøkene er nærmast lagt opp til sjølvstudium, og det verkar som det då er forventa at grunnlaget er på plass.

- Tekst: Bjørg Topnes
- Foto: Anne Moi Vigdel og Bjørg Topnes

## Doktorgradsarbeidet

I doktorgradsarbeidet sitt forska Hildegunn i ein førsteklasse på ein annan skule og fann ut at denne repetisjonen ikkje fungerer som tenkt. Elevane får ikkje hjelp med det som er deira problem. Oppgåvane

utfordrar ikkje tanken, det oppstår misforståingar, og dei trur dei gjer rett når dei gjer feil. Også internasjonal forsking viser at dette ikkje fungerer.

- Både oppgåvene og lærebøkene bør bli betre. Dette er veldig viktig, for dette er siste sjanse til å læra den enkle algebraen, seier Hildegunn som undersøkte alle dellemnna i algebraen, t.d. likningar, brøk, potensar og negative tal.

- Eg vart overraska over kor mange som ikkje hadde kontroll på minusteiknet, seier ho.

Resultatet vart ei avhandling på godt 300 sider skrivne på engelsk. Disputasen føregjekk også på engelsk og bestod av ei prøveforelesning om kulturforskjellar i matematikkundervisninga mellom land, og deretter to-tre timars forsvar av sjølve

*Strålende nøgde etter prøveforelesningar. Kollega Kirsten L. Gausland og Reidun H. Gravdal saman med Hildegunn Espeland.*



Doktorgraden blei forsvart på engelsk.

avhandlinga, noko ho gjennomførte med glans, ifølge dei som var til stades.

## Mastergrad og Ph.D.

Det er ein del år sidan Hildegunn tok opp att studia etter ei tids opphold. Då hadde ho tre mellomfag og eitt grunnfag i skulesekkene.

- Eg hadde alltid tenkt at eg ville ha ein mastergrad i matematikk. Aldri hadde eg tenkt at det skulle verta meir etter det. Men så var det så gildt å skriva, og eg såg sjansen til å skjerpa meg i engelsk som er doktoravhandlingsspråket. No har eg prøvd å skriva engelsk slik at alle kan lesa avhandlinga mi. Litt hjelpe med korrekturen fekk eg på slutten av ei irsk kvinne.



# Alt til elevens beste



Hildegunn fekk godord og blomar frå styreleiar Raymond Bjuland då ho var vel tilbake på Tryggheim.

- Kva skjer vidare, Hildegunn, skal du publiseru funna dine?

- Eg kjenner litt på eit visst press til å skriva og formidla det eg har funne ut. Det kan godt henda at det kjem ein artikkel eller to.

## Heider og godord

Bør så Tryggheim frykta at denne velutdanna og dyktige kvinnen søker seg over til høgare skuleslag?

- Nei, seier Hildegunn med ettertrykk. Eg blir her. Gjennom jobben her har eg fått ein enorm innsikt i kva som er elevens problem, og dette er grunnen til at eg har halde på med forskinga og skrivinga. Tilbake på Tryggheim etter disputasen vart ho heidra av styreleiar Raymond Bjuland med blomar og godord der han understreka at læraren må kunna meir enn fagkunnskapen, akkurat slik som Hildegunn. Han håpte ho fekk meiningsfulle oppgåver også framover.

Avdelingsleiar Anne Lise Flatebø som var til stades i Kristiansand, var begeistra over disputasen og uttrykte stor glede over at Hildegunn er ein del av Tryggheim-gjengen. Ho framheva Hildegunns stå-på-vilje og unike pedagogiske evner som har gitt mang ein elev tru på at han kan meistra.

## På studieverkstaden

Hildegunn brukar mange av timane sine på studieverkstaden. Her har ho ansvaret for å følgja opp elevar på alle trinn i matematikk. Av og til er ein samtale nok, andre gonger vert det nokre timer med undervisning, alt etter behovet. Tanken er at alle skal kunne koma hit etter behov, for å læra med og av kvarandre.

- Korleis tenkjer du når du skal hjelpe ein elev?

- For meg er det viktig å forstå korleis elev-tenkjer når han gjer ei oppgåve, og så kan me ta det derifrå. Det er viktig at eleven får tru på seg sjølv. Eg frydar meg når eg ser dei får det til, og gler meg over jubelen når dei har klart å løysa for eksempel ei likning.

- Kva er hjartebarnet ditt i undervisninga?

- Å få eleven til å forstå, forstå, forstå! Ingen må gøyma seg vekk og tru at dei ikkje kan. Draumeeleven spør og grep og stiller spørsmål om kvifor det er slik og sånn.

Seier doktoren med skulens høgaste utdanning i matematikkundervisning, og som er den første som tek doktorgrad medan ho er tilsett på Tryggheim.



Anne, Hildegunn og Solfrid står klare til å hjelpe dei som treng det.

- Alle elevar har sterke sider, og alle har utfordringar. Vi ønsker at alle skal oppleve meistring. Derfor må vi samarbeide og hjelpe kvarandre. Studieverkstaden kan vere ein stad å få hjelp og støtte for kortare eller lengre tid, både fagleg og emosjonelt, alt etter behovet. Vi ønsker å vere fleksible, fortel Solfrid Muren med glød.

■ Tekst og foto: Bjørg Topnes

I sørenden av andre etasje på Austheim styrer Solfrid med mild hand, mykje omsorg, stort smil og god hjelp frå Anne Moi Vigdel og Hildegunn Espeland. I tillegg disponerer dei andre lærarar etter behov.

- Vi har ambisjonar om å vere synlege for både elevar og foreldre, så dei veit kor dei kan vende seg ved behov. Her kan vi tilby meir spissa opplegg enn i store klassar.

Dei som treng ein plass å samarbeide om oppgåver og prosjekt, kan også komme hit og finne eit rom.

Solfrid brenn for studieverkstaden, og ønsker å nå langt ut med tilbodet.

- Om nokon er i tvil: studieverkstaden er for alle. Somme vil ha hjelp med delar av eit fag, andre treng større faglege utfordringar enn dei som blir gitt i klasserommet. Atter andre kan ha behov for å trekke seg litt tilbake og sitte for seg sjølv. Og nokon treng ein stad å arbeide saman med andre. Studieverkstaden blir mykje brukt. Her er større og mindre elevgrupper i storparten av skuletimane. Somme elevar kjem på eige initiativ, mens andre blir slusa hit av faglærarane.

- Tryggheim satsar på dette. Vi er veldig glade for at administrasjonen gir oss gode rammer og nok ressursar, og at vi har eit godt samarbeid med lærarane. Det er vårt felles mål som skule å sjå og støtte den enkelte eleven.

- Elevane skal gå ut frå studieverkstaden med følelsen av meistring, å ha lært noko dei kan bruke og gjerne dele vidare. Samstundes er vi stadig opptatt av å utvikle oss vidare. Har nokon forbetringssidear, ros eller ris, tar vi gjerne imot det, avsluttar blide Solfrid og ønsker fleire elevar velkommen inn.



Studieverkstedets mange kvaliteter.

# Fordjupingsmeisterskapen



The Garborgbros: fv. Peter Malde, Sara Kjær, Sverre Reiten Finnbakk, Håkon Mjøs og Tjøl Ravndal.



Marie Hansen vurderer Enok Hoves ufred.

Garborgsenteret på Bryne arrangerer nylig meisterskap i norskfaglege emne for avgangselevar, ei sportsgrein førebels utan olympisk status. Lokalengasjementet let seg ikkje påverka av IOC, så mange skular hadde nominert kandidatar. Frå Tryggheim nådde Marie Hansen (3STb) fram til finalen, og fekk tevla saman med seks frå andre skular. Finalistane hadde eit kvarter på seg til foredraget, så det blei ei øving i å formidla komprimert fagleg innhald med engasjement.

■ Tekst og foto: Knut Handeland

Dommarpanelet besto av to professorar frå Universitetet i Stavanger, ein norsklektor og ein tilsett ved Garborgsenteret. Finalistane måtte tolka utdjupande spørsmål like etter sitt eige foredrag, og svara etter beste evne framfor 70-80 tilhørarar. Imponerande å handtera slikt når så mange studiepoeng stiller intrikate spørsmål.

Marie hadde temaet: "Hvordan passer Enok Hoves oppfattelse av fred med Bibelen og den lutherske tro?" For uinnvidde: Enok Hove er hovudpersonen i Arne Garborgs roman Fred, ein litterær skapning med sterke likskapstrekk til Garborg sin eigen far. Stikk-

ord er psykisk ustabilitet, store kjenslesvingar, sterke anfektingar grunna sviktande frelsesvisse, med ufred som grunnstemning og sjølvmurdom som utfall. Maries presentasjon var basert på eit tverrfagleg arbeid – både norsk- og religionsfaget – til forskjell frå dei andre finalistane som hadde reine norskfaglege tema. Det var ikkje ein føresetnad å ha lese boka for å få godt utbytte av presentasjonen – gjennomføringa heldt svært høgt nivå.

I pausen, medan juryen diskuterte, fekk nervane avspenning av The Garborgbros, fem kreative musikalske Tryggheimelevar som spelte og song; dei hadde mellom anna laga melodi til eit par kjende Garborgtekstar, Småsporven og Elsk.

Alle finalistane fekk ros, juryen hadde aldri tidlegare stridd så mykje for å finna



Vinnaren David Gulaker frå Sandnes vgs.

vinnaren. Sigeren gjekk til den einaste guten blant finalistane – David Gulaker frå Sandnes vgs – med temaet Ord i dei nordiske språka. Han blei 3000 kroner og ei god erfaring rikare. Det løner seg å vere vaken i norskimane.



Finalistane vert premierte.

# Endeleg måndag



Andakt i møtesalen.

- Tekst: Sofie Braut
- Foto: Anne-Berit Gomo Aanestad

Måndagar er ikkje som alle andre dagar her på Tryggheim. I det klokka byrjar å dra seg mot halv ti, myldrar hundrevis av elevar fram frå klasseromma rundt om på skuleområdet, alle med kurs for same staden. Fellessamlinga med andakt og informasjon i møtesalen er eit fast innslag i vekertymen på Tryggheim. Det er eit treffpunkt for elevar og personale og her samlast alle på tvers av studieprogram, fag og interesser. Eit slikt treffpunkt har det vore i alle år. Det er noko med å vera saman om det viktigaste, noko med å sjå kvarandre i den store samanhengen vi står i her på skulen og noko med å kjenna at vi står saman.

For mange, sjølv så vane dei fleste er med å stå framme i klasseromma, er det noko ekstra med å halda andakt på denne fellessamlinga. Dette er nemleg ei oppgåve som går på omgang mellom lærarane og andre tilsette, og tanken på å stå framfor ei så stor forsamling kan skapa hjartebank og pulsstiging sjølv hjå den mest durkdrivne av pedagogar. For

her er det ikkje primært fag og flinkheit som tel, men å dela evangeliet og vitnesbyrdet om Jesus, gjerne med utgangspunkt i eigne erfaringar. Det er viktig å aldri komma dit at dette vert så sjølvsagt at ein gløymer kor stort det er. Utan å ha forska på det, er det truleg bra om det er litt puls hjå den som skal dela, det vitnar om at det å stå framfor nesten seks hundre menneske, i hovudsak elevar, er ei oppgåve som manar til ei både audmjuk og håpefull innstilling. Her er mange vi kan nå med Ordet som forandrar liv og skaper noko nytt, og det på heilt alminnelege, for ikkje å seia halvtørøytte måndagar! Og her er det viktig at mange ulike personar vågar å by på seg sjølv, vera kreative og dela noko som har rørt dei personleg. Den store breidda i ulike personlegdomar og innfallsvinklar til Ordet som kjem til uttrykk på desse måndagsdaktane, er noko av det som gjer dei viktige - ikkje berre at det talmessig er samla slik ei stor forsamling.

For elevane, som møter eit andaktsord kvar dag på vår skule, kan ein kanskje tenkja seg at dette vert ein trøytt rutine og eit pliktløp på linje med andre «må-oppgåver» i skulens

regi. Men tilbakemeldingane frå elevane tyder tvert imot stadig på at denne delen av skuledagen gir viktig påfyll og perspektiv. Det er trass alt det levande ordet ein har å gjera med! Nokre gonger vert det viktige ord som trefte godt og gir styrke nett for den dagen og dei utfordringane ein står i. Andre gonger handlar det om såmannsarbeid som kanskje ikkje ber frukt før på eit langt seinare tidspunkt. Fleire elevar fortel nemleg at desse jamlege dryppa gjennom eit treårig skuleløp, vart viktige for verdival og når kurser skulle stikkast ut seinare i livet. Det er mange som er takknemlede fordi lærarar har teke mot til seg og verkeleg delt noko dei vert minna om, eller brukt sjansen til å vera personleg og fortalt om liva sine slik at det gjer inntrykk. Mykje rører seg mellom radene i det store mylderet når skulen vert samla til måndagsdakt. Dei største tinga kan ein ikkje alltid sjå med auga, men det er uansett noko stort når så mange unge menneske er samla om det aller viktigaste ein måndag morgon. Og alt saman før klokka har passert ti på ti!

## Tryggheimkalender

### JUNI

Fre. 9. Avslutningsfest kl. 18.00  
Tirs. 13. Muntlig eksamen

### AUGUST

Lør. 19. Åpningsfest og første skoledag

### SEPTEMBER

Tirs. 12.-fre. 22./lør. 23. Vg2-tur til Europa og Israel

### OKTOBER

Man. 9.-fre. 13. Høstferie

### NOVEMBER

Tors. 2. OM-dag og NLMvg-samling  
Fre. 3. NLMvg-samling  
Lør. 18. Temadag for elever og foreldre/russebasar

## TRYGGHEIMHESLING

Redaksjonskomité:  
Kjartan Håland (redaktør)  
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Sofie Braut  
Henrik Foss  
Knut Handeland  
Bjørg Topnes  
Ingvil Gilje (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.  
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

## Vissste du at...

**Eirik-Kristian Hobberstad** (BT 10-11) og Hege Vigre giftet seg 4. mars.

**Silje Nybø** (HS 08-10) og Thomas Ramiljaona giftet seg 1. april.

**Heidi Gudmestad** (ST 09-12) og **Harald Strand** (EL 10-11) giftet seg 8. april.

**Jostein Haugen** (HS/PB 06-09) og Jenny Stige giftet seg 8. april.

**Rebekka Aarsland** (HO 12-14) og **Dan Martin Bredland** (EL 12-14) giftet seg 8. april.

**Grete Vigdel** (HS/PB 11-14) og **Pål Gunnar Vigrestad** (BT 12-13) giftet seg 22. april.

**Birger Danielsen** (AF 94-95) er ansatt som ny rektor ved Danielsen vgs i Bergen fra 1.7.17

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen.

Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Returadresse:  
Tryggheimhelsing  
Tryggheimveien 13  
4365 Nærø



Simen Aanestad (foran) og Tormod Nygård, Daniel Vorhaug og Jørgen Bjerga (f.v. bakerst) hadde fått med seg flere medelever som heiagjeng da de deltok i matematikkkonkurransen «Kodeknekkeren.»

# Solid elevinnsats

Tryggheim-elever har gjort det skarpt i sjakk, bordhockey og matematikk i vår.

■ Tekst: Henrik Foss  
■ Foto: Privat

Sjakklag fra ungdomsskolen og videregående hevdet seg da kretsmeisterskapet i skolesjakk ble arrangert på Varhaug misjonshus 1. april. Det var ingen spørk å møte de to Tryggheim-lagene. Ungdomsskolelaget gikk til topps i konkurransen, mens laget fra Tryggheim vgs. kom på tredje plass i mesterskapet for videregående-elever.

Konkurransen varte om lag 7 timer, og deltaerne spilte fem parti hver. 1ELa-elev Torbjørn Frøvik har spilt sjakk i flere år, men det var første gang han representerte Tryggheim i skolemeisterskap.

- Det var en veldig spennende konkurrans. Vi var et halvt poeng fra andre plassen, men det blir enda bedre neste år. Da kan Tryggheim vgs. stille med et sterkere lag med elever fra ungdomsskolen, sier Frøvik.

## Nest best i bordhockey

2STa-elev Amund Risa Fylling er en annen elev som har fått pallplassering i vår. Han kom på andre plass i norgesmesterskapet i bordhockey (ishockey) for junior og senior den første helga

i april. Målet han hadde satt seg før konkurransen, var å bli blant topp tre.

- Rett etter at jeg tapte finalen, var det litt kjapt ikke å vinne, men i etterkant er jeg fornøyd med en andre plass, sier Fylling.

I Norge er bordhockey en liten sport, men i Russland og Latvia arrangeres turneringer med flere hundre deltakere og direktesending på TV. Tryggheim-eleven fra Kverneland i Time begynte å spille bordhockey i 2013.

- Jeg trener som regel bordhockey hver dag på egen hånd, men det varierer hvor mye jeg får tid til. Vi spiller også i Orstadhuset hver tirsdag kl. 19, så det er bare å ta kontakt hvis noen er interessert i å begynne, reklamerer Fylling.

## Matematikk-konkurranse

VG2- og VG3-elever fra Tryggheim deltok tidligere i vår i Kodeknekkeren, som er en regional matematikk-konkurranse for elever i videregående skoler. På forhånd leverte klasser fra ulike skoler inn svar på noen matematiske utfordringer, og de som løste disse riktig, gikk videre til finalerunden på Vitenfabrikken i Sandnes.

Totalt 14 klasser kvalifiserte seg finalen, fra Tryggheim i sør til Vardafjell vgs. i nord. Selv

## Fakta:

### Konkurrerende Tryggheim-elever

Førsteplass i kretsmeisterskap i skolesjakk for ungdomsskoler: Oskar Feed Jakobsen, Arvid Feed Jakobsen, Mats Even Hobberstad, Aslak Moland og Adrian Soltveit.

Tredje plass i kretsmeisterskap i skolesjakk for videregående skoler: Daniel Sines, Aleksander Tune, Magnus Mannes og Torbjørn Frøvik.

Andre plass i norgesmesterskap i bordhockey: Amund Risa Fylling.

Finalister i matematikk-konkurransen Kodeknekkeren: R1-elevene Daniel Vorhaug, Tormod Nygård, Jørgen Bjerga og Simen Aanestad. R2-elevene Marie Hansen, Tone Egeland, Henrik Friis og Narve Gilje Nordås.

om ikke Tryggheim-elevene vant, er det knyttet prestisje til det å komme til finalen. Matelærer Erik Espedal Boge var svært fornøyd med Tryggheim-elevenes innsats.

- Fullt på høyde med det beste i byen, sier Boge og legger til:

- Oppgavene var veldig ulike tradisjonelle skoleoppgaver, selv om noen av dem trakk inn pensum fra vgs. Det vanskeligste var egentlig å finne ut hva spørsmålet var. Av de 14 gruppevar det ingen som fikk til alle oppgavene, og de tre som hadde levert først hadde enda en feil. Tryggheim-elevene fikk til like mange som vinnerne, men leverte inn litt senere. Jeg har sjeldent sett så glade elever etter en time med regning.



Aleksander Tune (f.v.), Magnus Mannes og Torbjørn Frøvik i dyp konsekvensjon under kretsmeisterskapet i skolesjakk.